

LOVER FOR KFUK-KFUM ULSTEIN

§ 1 FØREMÅL

KFUK-KFUM Ulstein er forplikta på Guds ord og Den norske kyrkje si vedkjenning. Laget har til føremål å fremje levande kristendom med harmonisk utvikling av mennesket og ei aktiv teneste i kyrkjelyd og samfunn.

Dette prøver ein å få til gjennom aktivitetar som til ei kvar tid tener KFUK-KFUM Ulstein sitt føremål.

§ 2 FORBUND OG KRINS

KFUK-KFUM Ulstein er tilslutta KFUK-KFUM Norge og KFUK-KFUM Møre og Romsdal. KFUK-KFUM Ulstein er forplikta på KFUK-KFUM Norge sine grunnreglar.

KFUK-KFUM Norge er tilslutta verdsforbunda av KFUK og KFUM.

§ 3 ARBEIDSGREINER

KFUK-KFUM Ulstein kan opprette avdelingar og grupper for born, unge og vaksne. Lover og reglar for desse skal godkjennast av KFUK-KFUM Ulstein sitt styre etter dei retningslinjer som gjeld for dei ulike arbeidsformene innan KFUK-KFUM Norge.

På alle møte og samlingar, også på styremøte, skal det vere felles andakt.

§ 4 MEDLEMSKAP

KFUK-KFUM Ulstein er ope for alle som vil følge lovene til laget. Styret for laget avgjer om nokon skal verte nekta opptaking. Styret har også rett og plikt til å stenge ute frå laget den/dei som ikkje vil følge lovene til laget eller ved si ferd skadar laget. Styret pliktar på førehand å søkje å vinne vedkomande med påminning og åtvaring.

Dei som er medlemmer i ein av underavdelingane, er samstundes medlemmer av KFUK-KFUM Ulstein.

§ 5 ÅRSMØTE

Ordinært årsmøte vert halde i februar månad, med minst 14 dagars varsel. Innkalling skal innehalde framlegg til dagsorden og styrekandidatar.

Saker som medlemmer ønskjer at årsmøtet skal handsame, må vere sendt til styret minst tre veker før årsmøtet.

Røysterett har alle som har fylt 15 år og som har vore medlem i minst 6 månader, og som har betalt medlemskontingenten for inneverande år.

Årsmøtet handsamar, og godkjenner årsmeldinga til styret, revidert rekneskap og andre saker som er ført opp på dagsorden.

Årsmøtet vel leiar, styremedlemmer med vara, revisor og dei til ei kvar tid oppnemnde komitear og utval.

Årsmøtet fastset medlemskontingenten.

§ 6 HOVUDSTYRET

Styret er samansett av 7 medlemmar. Leiar vert vald ved særskild val for eitt år, og 6 medlemmar valde for to år om gongen. Styremedlemmane kan maksimum sitje 6 år, tre periodar, utan avbrot.

Styret konstituerer seg sjølv med sekretær og andre styreverv. I styret skal det helst vere ei jamn

fordeling mellom menn og kvinner. Det skal kvart år veljast 2 varamedlemar.

Det sitjande styret har ansvar for at det på årsmøtet ligg føre framlegg på eit tilstrekkeleg tal kandidatar til styremedlemer, som berre kan veljast mellom medlemer over 15 år, som er vedkjennande kristne, og som vil gjere ei teneste for Kristus i laget.

§ 7 ARBEIDET I STYRET

Styret leier laget, ser etter at all verksemd er i samsvar med føremålet i laget, forvaltar laget sine midlar, tilset og seier opp løna medarbeidarar, og set ned dei naudsynlege komitear og utval. Skal styret handsame saker som vedkjem ei underavdeling, bør leiaren verte innkalla til styremøtet.

Leiaren i laget leier styremøtet og avgjer saker ved røystelikskep. Leiaren pliktar KFUK-KFUM Ulstein med si underskrift.

Styret har møte så ofte som det sjølv finn det naudsynleg, minst tre gongar kvart halvår. Det vert ført møteprotokoll. Styret er vedtaksført når minst halvparten av styremedlemene, mellom desse leiar eller nestleiar, er til stades.

§ 8 OMFRAMT ÅRSMØTE

Når styret finn det naudsynleg, eller når minst 1/3 av dei styremedlemene som har røysterett krev det, skal det haldast omframt årsmøte etter minst 14 dagars varsel. Årsmøtet kan berre handsame dei saker som er nemnde i innkallinga.

§ 9 LOVENDRING

Desse lovene kan berre eit ordinært årsmøte endre, og berre etter framlegg som er gjort kjende for medlemene minst 14 dagar før årsmøtet.

Lovendring må ha 2/3 av dei avgjevne røystene på årsmøtet, og dei må godkjennast av styret i KFUK KFUM Norge.

§ 10 OPPLØYSING

Framlegg om oppløysing av laget kan berre handsamast på ordinært årsmøte, det må godkjennast på to påfølgande ordinære årsmøte, og det vert å handsame slik det er gjort greie for i § 9 om lovendring.

Dersom laget vert oppløyst, utmeldt, stengt ute eller av annan grunn skilt frå KFUK-KFUM Norge; har styret for KFUK-KFUM Møre og Romsdal rett til – i samråd med Ulstein sokneråd – å disponere laget sine eignelutar til fordel for det kristne ungdomsarbeidet i Ulsteinvik, inntil ei ny eining tilslutta KFUK KFUM Norge kan overta dei.

Sist revidert og vedteke på årsmøte 27.februar 2024

Tidlegare endringar:

Årsmøte 2024: §6 endra frå 4 til 2 vara

Årsmøte 2022: §5 endra frå januar til februar

Årsmøte 2014: §10 oppjustert tekst vedteke

Årsmøte 2013: § 1 - 9. Oppjustert tekst vedteke